

# Tilsynsrapport

Rapport	
Rapporttittel <b>Rapport etter tilsyn med ansvar kompetanse og vedlikehold av alarmhandteringssystema i kontrollrom - Aktivitet 061000005 - Tilsynsrapport</b>	Aktivitetsnummer 061000005

Gradering		
<input checked="" type="checkbox"/> Offentleg	<input type="checkbox"/> Begrensa	<input type="checkbox"/> Strengt fortruleg
<input type="checkbox"/> Uopptatt offentlighet	<input type="checkbox"/> Fortruleg	

Involverte	
Hovudgruppe T-3	Oppgåveleiar Arne Halvor Embergsrud
Deltakarar i revisjonslaget Linn Iren Vestly Bergh, Elisabeth Vaagen, Arne Halvor Embergsrud, Kristian Solheim Teigen og Asbjørn Ueland	Dato 20.12.2021

## 1 Innleiing

Petroleumstilsynet (Ptil) gjennomførte tilsyn med OKEA si oppfølging av ansvar, kompetanse og vedlikehold av alarmhandteringssystem i kontrollrommet på plattformen Draugen i 2021.

Tilsynet blei utført ved gjennomgang av etterspurde dokument.

## 2 Bakgrunn

Petroleumstilsynet har dei siste åra hatt ein del tilsyn med oppfølging av alarmsystem, både på boreinnretningar, landanlegg og på produksjonsinnretningar der vi har avdekket at alarmsystema ikkje møter selskapa sine krav. Vidare har vi i andre tilsyn sett at det er høge alarmrater og mange ståande alarmer. Dette tyder på at det kan være manglar både ved oppfølginga av systema og forståinga av kva verknader høge alarmrater og mange ståande alarmer kan ha på arbeidstilhøva for operatørane i kontrollromma.

I 2021 gjennomfører vi tilsyn med kontrollromma på dei fleste norske innretningar og anlegg.

### 3 Mål

Målet med denne oppgåva er å verifisere at operatørane følger opp alarmsystema og arbeidstilhøva for operatørane i kontrollromma i samsvar med regelverk og selskapa sine interne krav.

### 4 Resultat

#### 4.1 Generelt

OKEA har regelmessig oppfølging av alarmrate og topp ti-alarmer. Vidare blir måltala rapportert til leiinga på plattforma kvar månad og alarmrate/time er kvar månad med i «Business performance review». Dokumentasjonen vi har fått viser at måla for det meste blir møtt og at det stadig blir etablert arbeidsordrar som følgje av alarmanalyser.

Selskapet hadde gjennomført vurderingar av arbeidsbelastning inkludert kognitive og perseptuelle begrensingar for kontrollrommet.

### 5 Observasjonar

Vi har med to hovudkategoriar av observasjonar:

*Avvik:* Observasjonar der vi *påviser* brot på/manglande oppfylling av regelverket.

*Forbetringspunkt:* Observasjonar der vi *meiner å sjå* brot på/manglande oppfylling av regelverket, men ikkje har nok opplysningar til å kunne påvise det.

#### 5.1 Avvik

Ingen.

#### 5.2 Forbetringspunkt

Ingen.

### 6 Deltakarar frå oss

Arne Halvor Embergstrud,	Fagområde prosessintegritet, (oppgåveleiar)
Linn Iren Vestly Berg,	Fagområde arbeidsmiljø,
Elisabeth Vaagen,	Fagområde arbeidsmiljø,
Kristian Solheim Teigen,	Fagområde prosessintegritet,
Asbjørn Ueland,	Fagområde prosessintegritet,

## 7 Dokument

Følgjande dokument vart nytta under planlegging og gjennomføring av aktiviteten:

- Human Factors – mann maskin interface vurdering for produksjonsavdeling prosess på Draugen.pdf
- Criop report working environment revisit – Central Control Centre review.pdf
- Månedlig alarmrapport April Draugen OKEA.pdf
- Månedlig alarmrapport mars Draugen.pdf
- OKEA-DRG-OPS-WIN-357 – Instruks for blokkering, undertrykking, skjuling og påt.pdf
- Pre read alarmsystem – Svar.pdf
- Svar på spørsmål til dokumentasjon vedr tilsyn med Okea sitt ansvar kompetanse og vedlikehold av alarmhåndteringssystemer.pdf